
NOTAT 2012-19

Verdiskaping i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringar i Rogaland

HEIDI
KNUTSEN

TORBJØRN
HAUKÅS



NILF

Norsk institutt for
landbruksøkonomisk forskning

NILF gjev ut ei rekkje publikasjonar

Kjem ut årleg:

- «Driftsgranskingar i jord- og skogbruk»
- «Handbok for driftsplanlegging»
- «Utsyn over norsk landbruk. Tilstand og utviklingstrekk»
- «Mat og industri. Status og utvikling i norsk matindustri».

Resultat frå forskning og utgreiingar vert gjevne ut i tre seriar:

- «NILF-rapport» – ein serie for publisering av forskingsrapporter og resultat frå større utgreiingar
- «Notat» – ein serie for publisering av arbeidsnotat, delrapportar, føredrag m.m. og sluttrapportar frå mindre prosjekt
- «Discussion paper» – ein serie for publisering av førebelse resultat (berre internettpublisering).

NILF gjev også ut:

- «Kontoplan for landbruksregnskap tilpasset NS 4102»
- Regionale dekningsbidragskalkylar.

NILF er sekretariat for Budsjettnemnda for jordbruket som årleg gjev ut:

- «Totalkalkylen for jordbruket» (Jordbrukets totalregnskap og budsjett)
- «Referansebruksberegninger»
- «Resultatkontroll for gjennomføringen av landbrukspolitikken»
- «Volum- og prisindeksar for jordbruket» som ligg på:
<http://www.nilf.no/PolitikkOkonomi/Nn/VolumPrisIndeksar.shtml>

NOTAT 2012–19

Verdiskaping i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringar i Rogaland

Heidi Knutsen

Torbjørn Haukås



NILF

Norsk institutt for
landbruksøkonomisk forskning

Serie	Notat
Redaktør	Agnar Hegrenes
Tittel	Verdiskaping i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringar i Rogaland
Forfatter	Heidi Knutsen, Torbjørn Haukås
Prosjekt	Verdiskaping Rogaland (A923)
Utgiver	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
Utgiversted	Oslo
Utgivelsesår	2012
Antall sider	62
ISBN	978-82-7077-838-6
ISSN	0805-9691
Emneord	Verdiskaping, nettopprodukt, sysselsetting, landbruk, Rogaland

Litt om NILF

- Forsking og utgreiing om landbrukspolitikk, matvaresektor og -marknad, føretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og føretaksøkonomisk dokumentasjon innan landbruket; dette omfattar m.a. sekretariatsarbeidet for Budsjettnemnda for jordbruket og dei årlege driftsgranskingane i jord- og skogbruk.
- Utviklar hjelpemiddel for driftsplanlegging og rekneskapsføring.
- Er finansiert av Landbruks- og matdepartementet, Noregs forskingsråd og gjennom oppdrag for offentleg og privat sektor.
- Hovudkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

Forord

Berekning av verdiskaping frå tradisjonelt jordbruk og anna næringsaktivitet med utgangspunkt i ressursar frå landbrukseigedomen, tilleggsnæring, har gjeve nyttig informasjon til politikarar og andre med tilknytning til landbruket. NILF har gjennomført slike berekningar for ei rekke fylke. På oppdrag frå Rogaland bondelag har NILF gjennomført verdiskapingsberekningar for Rogaland basert på data frå 2010. Prosjektet er finansiert av Fylkesmannen i Rogaland, Rogaland fylkeskommune og Innovasjon Norge Rogaland.

Prosjektet er gjennomført ved distriktskontoret i Bergen. Narve Brattenborg har gjort berekningar på grunnlag av produksjonstilskotsregisteret. Heidi Knutsen har vore prosjektleiar, og har saman med Torbjørn Haukås gjort berekningane basert på driftsgranskingane og skrive notatet. I tillegg har også Aart van Zanten Magnussen bidrege i arbeidet. Agnar Hegrenes har, som alltid, vore ein god støttespelar og kome med nyttige innspel. Anne Bente Ellevold og Siri Fauske har klargjort notatet for publisering.

Vi takkar alle informantar som har gjeve oss opplysningar som er nytta i prosjektet. Alt ansvar for feil eller manglar kviler hos forfattarane. Ein takk også til oppdragsgjevar for eit interessant prosjekt.

Oslo, oktober 2012
Ivar Pettersen

Innhold

SAMANDRAG	1
1 INNLEIING	5
1.1 Utvikling i jordbruket i Rogaland 2001–2010	5
2 DEFINISJONAR, METODE OG DATAGRUNNLAG	9
2.1 Verdiskaping	9
2.2 Datagrunnlag	9
2.3 Metode for berekning av verdiskaping for driftsformene	12
2.3.1 Produksjonar	12
3 VERDISKAPING I JORDBRUKET	17
3.1 Produksjonsinntekter	18
3.2 Kostnader	21
3.3 Verdiskaping etter produksjon	22
3.3.1 Mjølkeproduksjon	22
3.3.2 Sauehald	25
3.3.3 Svinehald	27
3.3.4 Veksthus	28
3.3.5 Egg og fjørfekjøl	30
3.3.6 Planteproduksjon på friland	34
3.3.7 Pelsdyr	36
3.3.8 Ammeku	37
3.3.9 Geitemjøl	39
3.3.10 Birøkt	40
3.4 Sysselsetting i jordbruket	41
4 SKOGBRUKET	45
4.1 Verdiskaping i skogbruket	45
4.2 Sysselsetting i skogbruket	48
5 TILLEGGSNÆRING	51
5.1 Definisjon av tilleggsnæring	51
5.2 Tal jordbruksbedrifter med tilleggsnæring	51
5.3 Sysselsetting i tilleggsnæring	53
5.4 Verdiskaping i tilleggsnæring	53
5.4.1 Verdiskaping basert på driftsgranskingane	53
6 VERDIEN AV JORDBRUKET FOR KOMMUNANE	55
6.1 Verdiskaping etter innbyggjartal	55
6.2 Skatteinnngang frå jordbruksbedrifter	56
7 SAMLA VERDISKAPING MED BASIS I LANDBRUKSRESSURSANE	59
KJELDER	61

Samandrag

Det var 7 676 landbrukseigedomar med busetting i Rogaland i 2010. I alt var 32 455 personar busette på ein landbrukseigedom. Frå 2001 til 2010 gjekk talet på jordbruksbedrifter ned frå 5 977 til 4 753. Av desse søkte 4 657 om produksjonstilskot i 2010. Rogaland har 10 prosent av jordbruksarealet i Noreg, medan ein finn 18 av kyrne, 28 prosent av slaktegrisane og 19 prosent av slaktekyllingane i fylket. Fylket har også ein stor del av veksthusproduksjonen, av norskproduserte tomater og agurkar er høvesvis 85 prosent og 32 prosent produsert i Rogaland.

I dette notatet er verdiskaping i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæring berekna som nettoprodukt. Nettoprodukt er her definert som verdien av produserte varer og tenester inkl. tilskot minus innsats av varer og tenester og avskrivningar, og skil seg frå definisjonen for eksempel i nasjonalrekneskapsrapporten ved at ein tek med tilskot som ikkje er avhengige av produsert mengde.

For jordbruket er data om storleik på produksjonen henta frå produksjonstilskotdatabasen til SLF. Det er tal dyr og areal som det er søkt produksjonstilskot for i 2010 i kvar kommune som er utgangspunkt for berekningane. Økonomiske data er i hovudsak henta frå driftsgranskingane i jord- og skogbruk for rekneskapsåret 2010. Medan jordbruket i Rogaland i stor grad er prega av jordbruksføretak med fleire driftsgreiner på same føretaket, er produksjonen i modellen forenkla til i hovudsak å nytte tal frå ein-sidig produksjon. Ved å nytte gjennomsnittstal frå faktiske bruk som grunnlag for berekningane i ein modell, vil det alltid vere enkelte variablar ein ikkje klarer å treffe innanfor ein akseptabel feilmargin. Det har derfor vore nødvendig å gjere enkelte korrigeringar av dei økonomiske data som er lagt inn i modellen. Økonomien i jordbruket varierer frå år til år. 2010 var eit noko dårlegare år for jordbruket i Rogaland enn dei tre føregåande åra. Dette må ein ta omsyn til når ein vurderer resultatane frå berekningane i modellen.

Den totale verdiskapinga frå jordbruket i Rogaland i 2010 er berekna til 1,8 mrd. kr. Av dette kjem 57 prosent frå dei sju Jærkommunane Sandnes, Stavanger, Hå, Klepp, Time, Sola og Randaberg. Hå, Klepp og Time er kommunane med høgast verdiskaping i jordbruket, med høvesvis 319,2 mill. kr, 266,3 mill. kr og 154,8 mill. kr. Sysselsettinga i jordbruket er berekna til 6 503 årsverk à 1 875 timar i 2010.

Av den totale verdiskapinga frå jordbruket i 2010 i Rogaland, kjem 52 prosent frå mjølkeproduksjon, 13 prosent frå sauehald og 12 prosent frå svinehald.

Verdiskapinga frå mjølkeproduksjon var på 951,6 mill. kr i 2010. Hå kommune hadde størst verdiskaping frå mjølkeproduksjon med 203 mill. kr. Kommunane Hå, Klepp, Time og Sandnes stod for 54 prosent av verdiskapinga frå mjølkeproduksjon i fylket. Arbeidsinnsatsen frå mjølkeproduksjon er berekna til 2 894 årsverk, som er 45 prosent av samla arbeidsinnsats i jordbruket.

Bjerkreim, Vindfjord og Eigersund var dei tre kommunane som hadde høgast verdiskaping frå sauehaldet. I alt var verdiskapinga frå sauehald 241,5 mill. kr i 2010. Arbeidsinnsatsen frå denne produksjonen er berekna til 1 428 årsverk.

For svinehald er verdiskapinga berekna til 212,6 mill. kr. Hå, Klepp og Time er dei tre kommunane med størst verdiskaping frå svinehaldet. I alt er arbeidsinnsatsen i svinehaldet berekna til 541 årsverk.

Veksthusnæringa er stor i Rogaland, og verdiskaping frå veksthusproduksjon og planteskuler er berekna til 118,2 mill. kr, og sysselsettinga er berekna til 537 årsverk. Klepp og Finnøy er dei to kommunane som har høgast verdiskaping frå denne sektoren.



Foto: © Nono Dimby

Også fjørfeproduksjon er viktig i Rogaland. Verdiskapinga er berekna til 75,4 mill. kr frå eggproduksjon, og til 29,4 mill. kr frå produksjon av fjørfekjøtt. I alt er arbeidsinnsatsen berekna til 246 årsverk for desse produksjonane. Klepp og Finnøy er størst på eggproduksjon, medan Hå og Klepp er størst på fjørfekjøtt.

Berre 5,5 prosent av jordbruksarealet i Rogaland vert nytta til anna planteproduksjon enn grovfôr. Samla verdiskaping frå korn, potet, frilandsgrønsaker, frukt og bær er rekna til 88,9 mill. kr. Viktigast er potet og grønsaksproduksjon (friland), med 70,7 mill. kr. Arbeidsinnsatsen i desse produksjonane var 284 årsverk.

Pelsdyrnæringa står sterkt i nokre kommunar i Rogaland, og verdiskapinga frå pelsdyrhald er berekna til 61,5 mill. kr i 2010. Sysselsettinga er berekna til 105 årsverk. Størst verdiskaping frå pelsdyr har kommunane Klepp, Sandnes og Hå.

Det var 683 einingar som hadde ammekyr i Rogaland i 2010. Verdiskapinga frå denne produksjonen er berekna til 48,8 mill. kr, og sysselsettinga til 420 årsverk. Det er også berekna verdiskaping frå geitehald og birøkt. Desse to produksjonane er små, og verdiskapinga er berekna til høvesvis 7,7 mill. kr og 3,3 mill. kr i 2010.

Rogaland er eit av dei fylka i landet som har minst produktivt skogareal, med knapt 2 prosent av skogarealet. Verdiskaping frå skogbruket er berekna på basis av tal frå 2011. Dette året var det relativt høg avvirking i skogbruket samanlikna med tiårsperioden før. Uttak av skog varierer mykje frå år til år. Dette gjeld særleg på kommunenivå då entreprenørar enkelte år kan ta ut mykje tømmer i enkeltkommunar. Verdiskapinga frå primærskogbruket i Rogaland er berekna til 17,8 mill. kr i 2011. Dette året var det Suldal og Vindafjord som hadde høgast verdiskaping innan primærskogbruket med høvesvis 3,9 mill. kr og 3,8 mill. kr. Sysselsettinga i primærskogbruket er liten, og er rekna til 26 årsverk i 2011. Hogstmaskinane er effektive, og sysselsetting i samband med foredlinga av virke til ved er rekna som tilleggsnæring. Det same gjeld juletre, pyntegrønt, jakt, fiske og turisme basert på skogressursane.

Tilleggsnæring er definert som næringsverksemd utanom tradisjonelt jord- og skogbruk, med basis i ressursane på bruket. Det gjeld innsats av areal, bygningar, maskiner etc., men ikkje personressursar eller kompetanse. Ifølgje tal frå SSB var det tilleggs-

næring på 2 251 bruk i Rogaland i 2010. Tala frå SSB viser at det er maskinkjøring, utleige av hus eller driftsbygningar og jakt og fiske som er dei vanlegaste tilleggsnæringane i Rogaland. Ser ein på utvikling frå 2005 til 2010, er det foredling av skogsvirke som har hatt størst auke. Med unntak av utleige av hus eller driftsbygningar, har Rogaland mindre innslag av tilleggsnæring enn resten av landet.

Verdiskaping i tilleggsnæring i Rogaland, basert på økonomiske data frå driftsgranskingane, er berekna til 315 mill. kr for 2010. Sysselsettinga er berekna til 343 årsverk, når ein nyttar tal frå driftsgranskingane som utgangspunkt for berekningane. Av dei ulike tilleggsnæringane, kjem størst verdiskaping frå aktivitet knytt til utmark, med 134 mill. kr, medan det er utleige og maskinkjøring som er dei vanlegaste aktivitetane.

Kor viktig jordbruket er i kommunane i Rogaland, kan ein til dømes vurdere ut frå verdiskaping etter innbyggjartal eller kor stor del av samla skatteinngang til kommunen som kjem frå jordbruksføretak med personleg eigar. Ti av kommunane i Rogaland har verdiskaping frå jordbruket på meir enn kr 10 000 per innbyggjar. Høgast verdiskaping per innbyggjar finn ein i Finnøy kommune med kr 34 200 per innbyggjar. Lågast verdiskaping per innbyggjar finn ein i bykommunane Haugesund og Stavanger. Også skatteinngangen frå jordbruket i prosent av total skatteinngang til kommunen, er høgast i Finnøy, med 27,1 %. Frå jordbruksføretak med personleg eigar, var samla innbetaling av skatt (inntekts- og formueskatt) til kommunane frå eigar og ektefelle 276,3 mill. kr i 2010. Det utgjør om lag 2,4 prosent av totalt innbetalt ordinær skatt til kommunane.

Samla verdiskaping frå jordbruk, skogbruk og tilleggsnæring er berekna til 2,17 mrd. kr for Rogaland. Samla sysselsetting er berekna til 6 872 årsverk à 1 875 timar.

1 Innleiing

Landbruk og landbruksbasert verksemd er viktig for sysselsetting og verdiskaping i mange kommunar i Rogaland. Ulike aktørar treng kunnskap om kva landbruket har å seie for regionen. Det er trong for kunnskap om samanheng i verdikjeda og betre kjennskap til dei verdiane som vert skapte i primærproduksjon og foredling av landbruksvarer.

Verdiskapinga i jordbruket på landsbasis vert dokumentert gjennom jordbrukets totalrekneskap som Budsjettnemnda for jordbruket utarbeider (til dømes BFJ 2011). For mindre geografiske område vert det ikkje utarbeidd tilsvarande utrekningar regelmessig. I 1999 gjennomførte NILF eit prosjekt der ein utarbeidde eit opplegg for berekning av verdiskapinga innan primærnæringane (tradisjonelt jord- og skogbruk) på fylkesnivå (Godli mfl. 1999). NILF og Østlandsforskning gjennomførte i 2004 eit prosjekt der sysselsetting og verdiskaping i jordbruket i Hedmark vart dokumentert (Lien mfl. 2004). Kartleggingar basert på metodikken som vart utvikla av Lien mfl. (2004), er seinare nytta for fleire andre fylke og år, til dømes Kjesbu mfl. (2009), Knutsen mfl. (2009), Knutsen og Haukås (2011), Lurfald mfl. (2012) og Lien mfl. (2012). NILF har ikkje tidlegare gjennomført berekningar for Rogaland.

Målet for dette prosjektet har vore å berekne verdiskapinga i jordbruket i Rogaland på kommunenivå. Metodikken og modellen som vert nytta i arbeidet er den same som er nytta i berekningane for andre fylke, seinast i Lien mfl. (2012) og Lurfald mfl. (2012), for fylka Hedmark og Oppland. Modellen baserer seg på data frå driftsgranskingane til NILF og produksjonstilskotstatistikken til Statens landbruksforvaltning (SLF). Med desse datakjeldene kan ein rekne ut verdiskaping og sysselsetting på kommunenivå for hovudproduksjonane i jordbruket.

Prosjektet «Landbrukets økonomiske betydning i Rogaland» er tenkt som eit todelt prosjekt. Del ein består av berekning av verdiskaping frå jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringar. Del to vil bestå av ein analyse av regionale ringverknader av landbruket i Rogaland. Berekningane i del to vil i stor grad bygge på resultatane frå berekningane i del ein av prosjektet.


1.1 Utvikling i jordbruket i Rogaland 2001–2010

Det var i 2010 registrert 10 728 landbrukseigedomar i Rogaland, av desse hadde 7 676 busetting. I alt var 32 455 personar busett på ein landbrukseigedom i 2010. Medan talet landbrukseigedomar endrar seg lite frå år til år, går talet aktive bønder ned. Frå 2001 til 2010 er talet jordbruksbedrifter redusert frå 5 977 til 4 753 i Rogaland. Ikkje alle jordbruksbedriftene søkjer om produksjonstilskot. Av dei registrerte jordbruksbedriftene i 2001, var det 5 693 som søkte produksjonstilskot. I 2010 var det 4 657 søkjarar. Delen jordbruksføretak som søkjer tilskot, har i tiårsperioden auka frå 95 prosent til 98 prosent.

Rogaland er eit viktig fylke når det gjeld matproduksjon. I 2010 hadde fylket 10 prosent av jordbruksarealet, medan det hadde 18 prosent av mjølkekyrne, 28 prosent av slaktegrisane og 19 prosent av slaktekyllingane. Innan veksthusproduksjonane tomat og agurk kom høvesvis 85 prosent og 32 prosent frå bønder i Rogaland i 2010. I Rogaland, som i resten av landet, er det tydelege teikn på strukturendring i jordbruket. Det blir færre bønder medan areal og tal dyr per eining aukar.

Frå 2001 til 2010 gjekk talet mottakarar av produksjonstilskot ned frå 5 693 til 4 657, ein nedgang på 18 prosent. I same perioden gjekk det dyrka arealet ned frå 578 095 de-

kar til 557 815 dekar, medan innmarksbeite auka frå 392 058 dekar til 439 971 dekar. Det totale jordbruksarealet i drift auka altså med 27 633 dekar (3 %) til 997 786 dekar i 2010. Gjennomsnittsarealet per bruk har auka frå 170 dekar til 214 dekar.



Figur 1.1 Kart: Jordbruksareal i drift i Rogaland i 2010

Kjelde: Statens landbruksforvaltning 2012a

Tal mjølkekyr har gått ned frå 49 177 i 2001 til 42 549 i 2010, medan talet på bruk med mjølkekyr gjekk ned frå 2 767 til 1 647. Gjennomsnittleg tal kyr per bruk auka frå 17,7 i 2001 til 25,8 i 2010. Ammeku og fjørfe er produksjonar som har hatt ein sterk auke i perioden. Tal ammekyr auka med 54 prosent til 7 561, medan verpehøns auka med 34 prosent til ca. 1,1 million; slaktekylling hadde ein auke på heile 129 prosent til 11,5 millionar dyr i 2010. Tal vinterfôra sau og lam auka med nesten 15 000 til 217 770 i 2010, medan svinehaldet gjekk frå 18 469 purker i 2001 til 26 224 i 2010 (42 %). Tal slaktegrisar levert i Rogaland hadde ein auke på 141 881 dyr, til 433 907 dyr levert i 2010.

Innan veksthusproduksjonane tomat og agurk har det også vore sterk strukturendring. Mellom 2002 og 2010 gjekk talet på tomatprodusentar ned med 36 prosent til 79, medan produksjonen auka med 19 prosent til 10,67 millionar kilo tomatar. For agurk var det ein nedgang i tal produsentar frå 18 til 10, medan produksjonen auka med 1,25 millionar kilo (42 %) til 4,21 millionar kilo.

Tal på produsentar med grønsaker på friland har gått frå 197 til 102, medan arealet auka med 1 815 dekar til 7 502 dekar. For poteter ser vi ein kraftig nedgang på tal produsentar ($\div 69$ % til 215) og en moderat nedgang i arealet ($\div 868$ dekar til 9 151 dekar).

Korndyrking, er ikkje omfattande i Rogaland og viste ein nedgang i både areal ($\div 19$ % til 36 666 daa) og i tal produsentar ($\div 52$ % til 358). Det same gjeld for frukt og bær, som hadde ein nedgang på 336 dekar og 82 produsentar.

Frå 2009 til 2010 gjekk talet på birøktarar frå 63 til 55, medan talet på bikubar gjekk ned frå 3 442 til 2 804, ein nedgang på 18,5 prosent; så trass tilskot til bikubar som blei oppretta i 2009, vart det færre birøktarar. Av 55 som fekk tilskot til bikubar i 2010, var det 23 som berre dreiv birøkt utan anna jordbruksproduksjon.



Foto: © FMRO

2 Definisjonar, metode og datagrunnlag

2.1 Verdiskaping

I nasjonalrekneskapen og i rekneskap med basis i nasjonalrekneskapen, vert bruttoprodukt nytta som uttrykk for verdiskaping. Bruttoprodukt er verdien av produserte varer og tenester minus vareinnsatsen. Kapitalslit (avskrivningar) er ikkje trekte frå. Produktstøtte, til dømes prisstøtte, er med i bruttoproduktet, men ikkje støtte som ikkje kan relaterast direkte til eit produkt. Sjå til dømes Statistisk sentralbyrå (2012a) for ei forklaring av dei ulike omgrepa i nasjonalrekneskapen.

I jordbruket er det fleire støtteordningar som ikkje er avhengige av produsert mengde, til dømes husdyrtilskot, arealtilskot, kulturlandskapstilskot og investeringsstøtte. Slike tilskot vil ikkje verte rekna med i verdiskapinga i nasjonalrekneskapen. Dei er likevel viktige for inntektene i jordbruket og for inntektsverknaden i andre næringar. Ein kan også argumentere med at overføringane til jordbruket er betaling for produksjon av fellesgode, slik at ein kan sjå på omfanget av overføringane som eit mål på korleis samfunnet verdset produksjon av fellesgode reint økonomisk. I modellen for utrekning av verdiskaping i jordbruket har vi valt å ta med alle støtteordningane, og avvik derfor frå berekningane i nasjonalrekneskapen.

I dette notatet nyttar vi uttrykket nettoprodukt medrekna tilskot når vi omtalar verdiskaping. Nettoproduktet er betaling for arbeidsinnsats og forrenting av investert kapital. Tilsvarande uttrykk er nytta i for berekning av verdiskaping frå jordbruket for andre fylke og regionar.

Inntektene er delte i to, marknadsinntekter og offentlege tilskot. Marknadsinntektene er inntekter frå sal av jordbruksprodukt, eksklusive pristilskot. Leigeinntekter for bruk av traktor og reiskap m.m. inngår i marknadsinntektene. Offentlege tilskot inkluderer alle tilskot, slik som areal- og kulturlandskapstilskot, produksjonstilskot for husdyr, driftstilskot for mjølkeproduksjon, distrikts- og grunn-tilskot, avløyssarrefusjon og diverse andre tilskot.

VERDISKAPING = NETTOPRODUKT

Sum inntekter, jordbruk
+Familiens arbeid på nyanlegg
- Sum kostnader før avskrivningar, jordbruk
+Kostnader til leigd hjelp
+Kostnader til jordleige

=Bruttoprodukt inkl. tilskot
- Sum avskrivningar, jordbruk

=Nettoprodukt inkl. tilskot

2.2 Datagrunnlag

Verdiskaping og sysselsetting i primærjordbruket er rekna på kommunenivå. I desse berekningane inngår tradisjonell produksjon av jord- og hagebruksvarer. I tillegg er det gjort berekningar for veksthusproduksjon, pelsdyr, birøkt og skogbruk på kommunenivå. For tilleggsnæring er berekningane gjort på fylkesnivå.

Utgangspunkt for berekningane er dyretal og arealtal for 2010. Dette er det siste året det føreligg økonomiske data for. I hovudsak er det nytta to datakjelder som bakgrunn for berekningane, Statens landbruksforvaltnings tilskotsdatabase og NILFs driftsgranskningar i jord- og skogbruk.

Statens landbruksforvaltning (SLF) har i sin tilskotsdatabase oversikt over alle jordbruksbedrifter som har mottatt produksjonstilskot. Tal frå denne databasen er nytta for å få tal for produksjonsomfang for dei ulike produksjonane i dei enkelte kommunane i 2010.

Tabell 2.1 Data frå tilskotsregisteret til SLF¹

Produksjon	Kode SLF	Omgang	Teljedato
Mjølkekyr	120	101110	31.07.2010
Ammekyr	121	101110	31.07.2010
Sauer	137+138+133	091020	01.01.2010
Mjølkegeiter	140	101110	31.07.2010
Purker	155+158	101110	31.07.2010
Verpehøner	160	101110	31.07.2010
Kyllingar	186	101120	01.01.2011
Potet og grønsaker friland	230+264	101110	31.07.2010
Frukt og bær	272 - 281	101110	31.07.2010
Korn	235 - 247	101110	31.07.2010
Birøkt	194	101110	31.07.2010

Det er ikkje alle bruk som mottek produksjonstilskot. Det er rimeleg å rekne med at dei jordbruksbedriftene som ikkje søker, eller ikkje oppnår tilskot, er svært små i økonomisk omfang, og at også arbeidsinnsatsen på desse bruka er låg. Det kan også vere bruk som ikkje har krav på tilskot. Ein del av bruka som ikkje søker produksjonstilskot, fell utanfor berekningane i dette prosjektet.


Det økonomiske datagrunnlaget er i hovudsak henta frå NILF sine driftsgranskingar i jord- og skogbruk for rekneskapsåret 2010. Gjennomsnittstal for ulike driftsformer er lagt inn i modellen for å kunne berekne verdiskaping for kvar driftsform. Driftsgranskingane dekkjer berre jordbruksbedrifter som er yrkesmessig drivne, og som har eit standard dekningsbidrag på meir enn 8 ESU.² Derfor vert gjennomsnittleg bruksstorleik noko større i driftsgranskingane enn kva som er realiteten. I driftsgranskingane er Rogaland delt mellom to regionar, Jæren og Agder og Rogaland andre bygder. I modellen er det hovudsakleg data frå bruk i Rogaland som er nytta. For å ta omsyn til ulike produksjonstilhøve og ulike satsar for arealtilskot, er det også i modellen skilt mellom Jæren³ og resten av Rogaland for dei fleste produksjonane. Det er for få bruk frå Rogaland med i driftsgranskingane til at ein kan basere dei økonomiske data berre på desse bruka. Datagrunnlaget er derfor supplert med data frå andre regionar med om lag same driftstilhøve som ein finn i Rogaland, dette gjeld særleg dei kraftfôrbaserte produksjonane. Der det har vore nødvendig å supplere med data frå bruk i andre regionar som har andre satsar for tilskot o.l., er det korrigert for dette. Ved berekning av verdiskaping frå jordbruket i andre fylke, er det for dei største produksjonane nytta grupper med ulikt tal dyr/areal, til dømes er sauehaldet delt inn i bruk med færre enn 75 vinterfôra sauer og bruk med fleire enn 75 vinterfôra sauer. For å kunne gjere dette har ein supplert med bruk frå andre regionar med om lag same tilskotsprofil. Fordi produksjonstilhøva er spesielle i Rogaland, særleg på Jæren, er det i så liten grad

¹ Søknadsomgang 091020 har søknadsfrist per 20.1.2010 med utbetaling i juni 2010, 101110 har søknadsfrist per 20.8.2010 og utbetaling i februar 2011, 101120 har søknadsfrist per 20.1.2011 med utbetaling juni 2011

² 8 ESU (europeiske storleikseiningar) svarar til 70 000–80 000 kr.

³ Kommunane Sandnes, Stavanger, Hå, Klepp, Time, Sola og Randaberg er rekna som Jæren i modellen. I driftsgranskingane er også kommunane Finnøy og Rennesøy rekna som ein del av Jæren

som mogleg, supplert med bruk frå andre regionar for dei grovfôrbaserte produksjonane. For å få til dette, er produksjonane ikkje delte opp i små og store bruk, til det er ikkje talet deltakarar frå Rogaland i driftsgranskingane stort nok.




Figur 2.1 Kart: Regioninndeling, «Jæren» og «resten av Rogaland»

I Rogaland er det vanleg med fleire driftsgreiner på same bruket, som mjølk- og sauehald, hagebruk eller kornproduksjon kombinert med husdyrhald, eller andre kombinasjonar. I ein modell er det ikkje mogleg å ta omsyn til alle moglege kombinasjonar. Det er derfor i større grad nytta økonomiske data frå ein-sidig produksjon enn det ein finn i praksis. I tillegg til at modellen set nokre grenser for kor stor kompleksitet ein kan leggje inn, må ein også tilpasse økonomiske data til dei driftsformene ein finn i driftsgranskingane. Ved å nytte gjennomsnittstal frå faktiske bruk som grunnlag for berekningane i ein modell, vil det alltid vere enkelte variablar ein ikkje klarer å treffe innfor ein akseptabel feilmargen. Til dømes for mjølkekyr, tek ein utgangspunkt i tal kyr. Samstundes skal ein i modellen også komme fram til om lag rett produksjon og arealbruk for fylket. Det er derfor nødvendig å gjere enkelte korrigeringar av dei data som vert lagt inn i modellen.

Tal bruk som utgjer grunnlaget for dei økonomiske berekningane i modellen, er lågare enn det faktiske talet på bruk. I 2010 var det 4 581 som fekk produksjonstilskot. I modellen er tal bruk 4 285. Med unntak av fjørfekjøttproduksjon, er gjennomsnittleg dyretal/areal større i modellen enn gjennomsnitt per søkjar hos SLF. Likevel er tal husdyr og areal av salsavling dei same som SLF har utbetalt tilskot til. At tal bruk i modellen er lågare enn det faktiske talet bruk, gjer at sum tilskot som er heilt eller delvis uavhengige av produksjon, vert lågare enn det som faktisk er utbetalt. Dette gjeld til dømes driftstilskot til mjølkeproduksjon. I modellen er derfor driftstilskot korrigert slik at det samsvarer med det som faktisk er utbetalt i 2010. Også for å få rett fordeling av grovfôrareal mellom Jæren og resten av Rogaland, var det nødvendig å gjere korrigeringar av data frå driftsgranskingane. Utan ei slik korrigering, ville Jæren fått for lite grovfôrareal og resten av Rogaland fått for stort grovfôrareal. For sum tilskot som kan samanliknast direkte med kva som er utbetalt frå SLF, areal- og kulturlandskapstilskot, produksjonstilskot til husdyr, driftstillegg (mjølk og ammeku) og botnfrådrag, vert tilskot berekna i modellen 2,4 prosent for høgt. Dette avviket er vurdert til å vere akseptabelt.

Økonomien i jordbruket varierer frå år til år. 2010 var eit noko dårlegare år enn dei tre føregåande åra. Figur 2.2 viser driftsoverskot i gjennomsnitt per bruk for bruka i Rogaland. Tala er ikkje inflasjonsjusterte. Det økonomiske datagrunnlaget som er henta frå driftsgranskingane, viser resultatane frå det aktuelle året (2010). Dette må ein ta omsyn til når ein vurderer resultatane.



Figur 2.2 Driftsoverskot i jordbruket 2006–2010, Rogaland

Pelsdyr og veksthusproduksjon inngår ikkje i alle berekningane i modellen. For desse produksjonane er nettoproduktet berekna særskilt. Ein del av tala som vert presenterte i dette notatet, er derfor for jordbruk utanom pelsdyr og veksthus.

2.3 Metode for berekning av verdiskaping for driftsformene

2.3.1 Produksjonar

For alle produksjonane er det teke omsyn til ulike tilskotssoner for dei to regionane Rogaland er delt inn i, Jæren som er samansett av kommunane som ligg i sone 2 for arealtilskot, og resten av kommunane i Rogaland som ligg i sone 3 og 4. I drifts-

granskingane er Rogaland delt på to regionar, 21 «Jæren» og 22 «Agder og Rogaland andre bygder».

Mjølkeproduksjon, ku

For å unngå å måtte supplere med bruk frå andre regionar, er ikkje mjølkeproduksjonsbruka delte inn i storleiksgrupper. For Jæren er det nytta bruk frå region 21 i driftsgranskingane. For resten av Rogaland er det nytta data frå region 22.

Mjølkeproduksjon, geit

Det er få bruk i driftsgranskingane med geit som hovudproduksjon. Det er derfor nytta tal frå Aust- og Vestlandet, korrigert for avlingsnivå og tilskot.

Kjøttproduksjon, ammeku

Også for kjøttproduksjon på ammeku er det nytta tal for Sør-Noreg, etter korrigeringsnivå og tilskot.




Foto: © FMRO

Sauehald

I driftsgranskingane er det få bruk frå Jæren med sauehald som hovudproduksjon. Det er derfor nytta tal frå bruk i resten av Rogaland, supplert med bruk frå Agder-fylka. Det er korrigert for avlingsnivå og tilskot.

Fjørfekjøtt

Landstal, korrigert for sideproduksjonar

Eggproduksjon

Landstal, korrigert for sideproduksjonar

Svinehald

Landstal, korrigert for sideproduksjonar

Potet og grønsaker på friland

Bruk frå Sør-Noreg. Korrigert for avlingsnivå og tilskot.

Frukt og bær

Bruk frå Vestlandet. Korrigert for tilskot

Kornproduksjon

Bruk med einssidig kornproduksjon, flatbygder på Austlandet og i Trøndelag, korrigert for avlingsnivå, samansetning av kornslag, prisar og tilskot, tilsvarande produksjonstilhøva i Rogaland.

Veksthus og planteskule

Veksthusarealet er basert på to ulike kjelder. For grønsaker og bær er data frå produksjonstilskotsregisteret (SLF) nytta, medan areal frå snittblomar og potteplanter hagebruksteljinga frå 2007 med enkelte korrigeringar frå Norsk Gartnerforbund. Økonomidata er henta frå kalkyler i NILFs handbok for driftsplanlegging kvalitetssikra av Veksthusringen.

Birøkt

Landstal frå spesialundersøking for 2010.

Pelsdyr

Omsetningsdata frå pelsdyrnæringa er henta frå Norges Pelsdyrslag kombinert med data frå produksjonstilskotsregisteret til SLF. Økonomidata er henta frå driftsgranskningane og frå kalkyler i NILFs handbok for driftsplanlegging.

Tabell 2.2 viser tal dyr og areal frå SLF som er lagt inn i modellen (SLF), og dyretal og areal i modellen.

Tabell 2.2 Tal dyr og areal frå produksjonstilskotsregisteret (SLF) og frå modellen


	SLF			Modell				
	Tal dyr/areal	Tal søkjarar	Tal dyr/areal per søkjar	Tal dyr/areal	Tal bruk	Hovudprod. tal dyr/areal per bruk	Side-produksjonar	
Mjølkekyr	42 549	1 647	25,8	Jæren	25 471	781	32,6	1 dekar korn
				Resten	17 078	694	24,6	
Geitemjolk	1 774	101	17,6	Jæren	184	2	90,1	
				Resten	1 590	18		
Ammekyr	7 561	683	11,1	Jæren	2 333	109	21,5	
				Resten	5 228	243		
Sauehald	217 770	2 850	76,4	Jæren	47 057	317	148,6	
				Resten	170 713	1 149		
Fjørfekjøt	11 545 618	109	105 923,1	Jæren	7 963 812	77	102 946	
				Resten	3 581 806	35		
Verpehøner	1 130 203	318	3 554,1	Jæren	638 857	104	6 136	
				Resten	491 346	80		
Purker	26 224	322	81,4	Jæren	17 825	198	90,0	
				Resten	8 399	93		
Grønsaker og potet, friland	16 653	283	58,8	Jæren	16 146	130	124,0	94 dekar korn
				Resten	507	4		
Frukt og bær	1 354	88	15,4	Jæren	321	6	53,7	
				Resten	1 033	19		
Korn	36 666	358	102,4	Jæren	34 807	198	176,0	
				Resten	1 859	11		
Birøkt	2 801	55	50,9	Jæren	547	3	165,0	
				Resten	2 254	14		
Talsøkjarar, SLF		4 581		Tal bruk i modellen		4 285		

Kjelde: SLF PT-900Vedlegg


3 Verdiskaping i jordbruket

Den totale verdiskapinga frå jordbruket i Rogaland i 2010 er berekna til 1,8 mrd. kr. Av dette kjem 57 prosent frå dei sju Jærkommunane Sandnes, Stavanger, Hå, Klepp, Time, Sola og Randaberg. Til samanlikning er verdiskapinga i jordbruket i Hedemark (Lien mfl. 2012) og Oppland (Lerfald mfl. 2012b) berekna til høvesvis 1,0 mrd. kr og 1,1 mrd. kr det same året.

Hå, Klepp og Time er dei tre kommunane som har høgast verdiskaping i jordbruket med høvesvis 319,2 mill. kr, 266,3 mill. kr og 154,8 mill. kr. Sysselsettinga i jordbruket er berekna til 6 503 årsverk. Det utgjør eit arbeidsforbruk på 12 mill. timar.



Figur 3.1 Kart: Verdiskaping i jordbruket i Rogaland 2010, nettoprodukt, mill. kr




Figur 3.2 Verdiskaping i jordbruket i Rogaland 2010, nettoprodukt per kommune, mill. kr

3.1 Produksjonsinntekter⁴


Produksjonsinntekter inngår som ein viktig del av omgrepet verdiskaping. Produksjonsinntekter er verdien av varer og tenester som er produserte i løpet av året, inkl. offentlege tilskot. I modellen utgjer produksjonsinntektene for jordbruket utanom veksthus og pelsdyr i Rogland kr 5,441 mrd. i 2010. Av dette er marknadsinntekter 4,178 mrd. kr og tilskot 1,263 mrd. kr. Figur 3.3 viser produksjonsinntekter fordelt på marknadsinntekter og tilskot for kommunane i Rogaland.

⁴ Verdiskaping for veksthusproduksjonar og pelsdyr er berekna separat, og inngår derfor ikkje i tala som vert presentert i dette kapitlet.



Figur 3.3 Produksjonsinntekter fordelt på marknadsinntekter og tilskot for jordbruket utanom pelsdyr og veksthus, mill. kr

Ein stor del av tilskota vert forvalta av Statens landbruksforvaltning (SLF). I 2010 vart det utbetalt i alt 1,043 mrd. kr gjennom SLF til jordbruket i Rogaland. Tilskot som vert forvalta av SLF er til dømes areal- og kulturlandskapstilskota, husdyrtilskot, avløysartilskot, driftstillegg m.m. Figur 3.4 viser tilskot utbetalt av SLF i 2010 fordelt på ulike tilskot og kommunar i Rogaland.




Figur 3.4 Tilskot utbetalt av SLF, mill. kr

Kjelde: SLF (PT-5040, 2010)

3.2 Kostnader⁵

I modellen for berekning av verdiskaping er kostnadene for det tradisjonelle jordbruket delt inn i kostnader til leigd hjelp, kostnader til jordleige, avskrivningar og kostnader til varer og tenester. Kostnader til leigd hjelp og kostnader til jordleige vert rekna som ein del av verdiskapinga, og vert difor ikkje trekte frå produksjonsinntektene ved utrekning av verdiskaping rekna som nettoprodukt.

For jordbruket utanom pelsdyr og veksthus, er dei totale kostnadene berekna til 4,2 mrd. kr. Av dette er 3,266 mrd. kr kostnader til varer og tenester og 532 mill. kr avskrivningar. Dette er dei kostnadene som vert trekte frå produksjonsinntekter og eige arbeid på nyanlegg for å komme fram til verdiskaping rekna som nettoprodukt.




Figur 3.5 Kostnader i jordbruket utanom veksthus og pelsdyr, Rogaland 2010, mill. kr

⁵ Verdiskaping for veksthusproduksjonar og pelsdyr er berekna separat, og inngår derfor ikkje i tala som vert presentert i dette kapittelet.

3.3 Verdiskaping etter produksjon

Av den totale verdiskapinga frå jordbruket i 2010, kjem 52 prosent frå mjølkeproduksjon, 13 prosent frå sauehald og 12 prosent frå svinehald. Veksthusproduksjon og planteskule utgjer 6 prosent.




Figur 3.6 Verdiskaping i jordbruket fordelt på ulike produksjonar

3.3.1 Mjølkeproduksjon

Verdiskapinga frå mjølkeproduksjon var på 951,6 mill. kr i 2010. I alt var det 42 549 mjølke kyr fordelt på 1 647 einingar i Rogaland. Hå var den kommunen som hadde størst verdiskaping frå mjølkeproduksjon med 203,0 mill. kr. Deretter følgjer Klepp med 124,0 mill. kr, Time med 99,5 mill. kr og Sandnes med 91,5 mill. kr. Desse fire kommunane har til saman 54 prosent av verdiskapinga frå mjølkeproduksjon i fylket.

Marknadsinntektene utgjorde 1,95 mrd. kr og offentlege tilskot 0,608 mrd. kr. Det vart lagt ned 2 894 årsverk, tilsvarande 5,34 mill. timar. Dette utgjer 45 prosent av samla arbeidsinnsats i jordbruket.



Figur 3.7 Kart: Verdiskaping frå mjølkeproduksjon, nettoprodukt, mill. kr




Figur 3.8 Verdiskaping frå mjølkeproduksjon, nettoprodukt, mill. kr

3.3.2 Sauehald

Verdiskapinga frå sauehaldet utgjorde 13 prosent av samla verdiskaping og var på 241,5 mill. kr. For sauehaldet utgjør dei offentlege tilskota meir enn marknadsinntektene. I 2010 var marknadsinntektene på 307,5 mill. kr og offentlege tilskot på 436,0 mrd. kr. Arbeidsinnsatsen i sauehaldet var på 1 428 årsverk, tilsvarande 2,6 mill. timar.


Bjerkreim, Vindafjord og Eigersund var dei tre kommunane som hadde høgast verdiskaping frå sauehaldet i 2010, med høvesvis 22,8, 19,5 og 19,4 mill. kr. I alt var det 217 770 sauer i Rogaland, fordelt på 2 850 einingar.



Figur 3.9 Kart: Verdiskaping frå sauehald, nettoprodukt, mill. kr



Foto: © Nono Dimby




Figur 3.10 Verdiskaping frå sauehald, nettoprodukt, mill. kr


3.3.3 Svinehald

Svinehald er den tredje største produksjonen i Rogaland, rekna etter nettoprodukt. I 2010 var det 26 224 alspurker fordelt på 322 søkjarar. Verdiskapinga er berekna til 212,6 mill. kr. Marknadsinntektene utgjorde 1,034 mrd. kr og offentlege tilskot 45,5 mill. kr. Arbeidsinnsatsen i svinehaldet var på 998 tusen timar, tilsvarande 541 årsverk.

Størst verdiskaping frå svinehaldet finn ein i Hå kommune med 57,8 mill. kr. Deretter kjem Klepp (35,8 mill. kr) og Time (25,3 mill. kr).




Figur 3.11 Kart: Verdiskaping frå svinehald, nettoprodukt, mill. kr




Figur 3.12 Verdiskaping frå svinehald, nettoprodukt, mill. kr

3.3.4 Veksthus

Veksthusnæringa er stor i Rogaland. Det er særleg på grønsaksida at det er stor produksjon i fylket. Tomat- og agurkproduksjon er stor i nokre kommunar i Rogaland, særleg gjeld dette for tomat. Det er også ein del produksjon av salat og bær i veksthus i fylket. Snittblomar og då særleg roser har det minka på over heile landet grunna rimeleg import. Blant tidlegare roseprodusentar står det ein del tomme hus, men nokre har gått over til potteplanter og sesongplanter.



Figur 3.13 Kart: Verdiskaping i veksthus og planteskular, mill. kr



Figur 3.14 Verdiskaping i veksthus og planteskular kommunevis, millionar kroner

Av figuren går det fram at Klepp har den største verdiskapinga i denne sektoren. Det er både planteskular og produksjon av blomar, bær og grønsaker i kommunen. Verdiskapinga i Klepp er utrekna til vel 30 mill. kroner. Deretter følgjer Finnøy med 22 mill. og Stavanger med knapt 15 mill. kroner. Totalt er verdiskapinga innafor veksthus og planteskular i Rogaland utrekna til 118,2 mill. kroner.

Til saman er det rekna ut 537 årsverk for veksthus og planteskular i Rogaland. Om lag 300 årsverk innan veksthusgrønsaker og bær, medan det er om lag 160 årsverk for blomproduksjon. Resten er planteskuledrift. Det Klepp som har høgast sysselsetting med 125 årsverk, deretter følgjer Finnøy med 90 og Stavanger med vel 80 årsverk.

3.3.5 Egg og fjørfekjøtt


Det vart slakta 11,5 millionar kyllingar i Rogaland i 2010, fordelt på 109 produsentar. Det var eggproduksjon på 318 bruk. I alt vart det søkt om tilskot til 1,1 millionar verpehøner.

Verdiskapinga frå fjørfeslakt er berekna til 29,4 mill. kr. Marknadsinntektene utgjorde 239 mill. kr og offentlege tilskot 6,8 mill. kr for denne produksjonen.


For eggproduksjon utgjorde dei offentlege tilskota 25,1 mill. kr og marknadsinntektene var på 283,2 mill. kr. Verdiskapinga frå eggproduksjon er berekna til 75,4 mill. kr.

Sysselsettinga er berekna til 66 årsverk (122 tusen timar) i fjørfeproduksjon og 180 årsverk (333 tusen timar) i eggproduksjon.


Kommunane Hå og Klepp er størst på fjørfekjøtt, med verdiskaping på høvesvis 6,41 og 5,4 mill. kr. For eggproduksjon er det Klepp med 15,43 mill. kr og Finnøy med 13,47 mill. kr som er dei største kommunane.



Figur 3.15 Kart: Verdiskaping frå produksjon av fjørfekjøt, nettoprodukt, mill. kr



Figur 3.16 Kart: Verdiskaping frå produksjon av egg, nettoprodukt, mill. kr



Figur 3.17 Verdiskaping frå produksjon av fjørfekjøtt, nettoprodukt, mill. kr





Foto: © FMRO




Figur 3.18 Verdiskaping frå produksjon av egg, nettoprodukt, mill. kr


3.3.6 Planteproduksjon på friland

Rogaland er eit stort husdyrfylke, med ein stor del av arealet nytta til grovfôrproduksjon. Av det totale jordbruksarealet i fylket, vert berre 5,5 prosent nytta til anna planteproduksjon. Det vert dyrka korn på 36 666 dekar (3,7 %), potet på 9 151 dekar (0,9 %), frilandsgrønsaker på 7 502 dekar (0,8 %) og frukt og bær på 1 632 dekar (0,2 %). Samla verdiskaping frå desse produksjonane er berekna til 88,9 mill. kr. Av dette er 70,7 mill. frå potet og frilandsgrønsaker, 10,2 mill. kr frå frukt og bær og 8 mill. kr frå kornproduksjon.

Syssetning frå planteproduksjon er rekna til 284 årsverk (523 tusen timar).



Figur 3.19 Kart: Verdiskaping frå planteproduksjon på friland, mill. kr




Figur 3.20 Verdiskaping frå planteproduksjon på friland, mill. kr

3.3.7 Pelsdyr

Produksjon av skinn frå pelsdyr er avhengig av tilhøva på verdsmarknaden, og har svinga mykje dei siste tiåra. I periodar, som først på 80-talet, var pelsdyr eit satsingsområde, og mange nye starta opp. Etter nokre år kom krakket, og mange fall frå. Slik har det også vore seinare, med gode og dårlege periodar for næringa. Undersøkinga for 2010/2011 viser resultat frå ein god periode for pelsdyrnæringa med relativt gode prisar på skinn. Pelsdyrnæringa har vore utsett for sterke åtak frå dyrevernhald dei siste åra, men har framleis politisk støtte for å halde fram produksjonen. Trass mykje motgang er det ein del produsentar som driv aktivt, og i det siste har det komme nye produsentar til i Rogaland. Det er produksjon av minkskinn som er heilt dominerande i Rogaland. Det er nokre få produsentar som produserer reveskinn i ulike kategoriar, men omsetning av minkskinn utgjorde nesten 98 prosent av skinnomsetninga i Rogaland i sesongen 2010/2011.

Noko av skinnproduksjonen i Rogaland vert omsett gjennom Oslo skinnauksjoner, men for mink går ein svært stor del via Copenhagen Fur. For sesongen 2010/2011 vart det omsett skinn frå Rogaland for om lag 148,5 mill. kr. Verdiskapinga av pelsdyr-

næringa i Rogaland er rekna ut til 61,5 mill. kr for den aktuelle sesongen. Av kommunane er det Klepp og Sandnes som merkjer seg ut med omsyn til verdiskaping på pelsdyr. Klepp har ei verdiskaping på knapt 25 mill. kr medan Sandnes ligg på 15 mill. kr. Hå har om lag 6 mill. kr i verdiskaping på pelsdyr. Elles finn ein noko produksjon i nokre andre kommunar med verdiskaping mellom 2 og 3 mill. kr. Dette gjeld Sola, Gjesdal, Finnøy og Hjelmeland.




Figur 3.21 Verdiskaping i pelsdyrnæringa i sesongen 2010/2011, kommunar i Rogaland, 100-tusen kr

Sysselsetjinga i pelsdyrnæringa er rekna ut til 105 årsverk i Rogaland. Dette er basert på produksjonsomfang i form av tal skinn for ulike revetypar og mink. Det er rekna 30 minutt per mink, 1,3 timar per blårev, 1,6 timar per hybrid og 2 timar per sølvrev. I Klepp er det utrekna om lag 42 årsverk, i Sandnes 26 årsverk og 11 årsverk i Hå.


Pelsdyrnæringa er i vekst i Rogaland, og vi har sett fleire nye etableringar dei siste åra trass politisk motstand og aksjonar mot næringa frå dyrevernhald. Frå svake økonomiske resultat i pelsdyrnæringa midt på 2000-talet, har økonomien vore i stor betring dei siste 2–3 åra.

3.3.8 Ammeku

Det var 7 561 ammekyr fordelt på 683 einingar i Rogaland i 2010. I alt utgjorde verdiskapinga frå denne produksjonen 48,8 mill. kr. Marknadsinntektene var på 136,7 mill. kr, og offentlege tilskot utgjorde 105,1 mill. kr. Sysselsetjinga var på 420 årsverk, tilsvarende 774 tusen timar.




Figur 3.22 Kart: Verdiskaping frå ammekyr, nettoprodukt, mill. kr



Figur 3.23 Verdiskaping frå ammekyr, nettoprodukt, 100-tusen kr

3.3.9 Geitemjolk


Det var berre 101 produsentar som søkte om produksjonstilskot til geit i Rogaland i 2010. I alt var det berre registrert 1 774 geiter. Verdiskapinga frå geitehald utgjorde berre 7,7 mill. kr. Høgast verdiskaping frå denne produksjonen hadde Vindafjord med 1,88 mill. kr.



Figur 3.24 Verdiskaping frå geitehald, nettoprodukt, tusen kr

3.3.10 Birøkt

Det vart søkt om tilskot til 2 801 bikubar i Rogaland i 2010. Verdiskaping frå denne produksjonen er berekna til 3,3 mill. kr. I tillegg til honningproduksjon har birøkt ei viktig oppgåve med pollinering innan fruktnæringa. Denne verdien er vanskeleg å fastslå. Sysselsettinga i birøkt er utrekna til 14 årsverk i Rogaland.



Figur 3.25 Verdiskaping frå birøkt, tusen kr


3.4 Sysselsetting i jordbruket

I modellen for berekning av verdiskaping er det lagt inn registrert, gjennomsnittleg arbeidsforbruk for dei gruppene som er utgangspunkt for dei økonomiske berekningane. Modellen kan derfor også seie noe om kor stor sysselsettinga er i primærjordbruket. Tal frå modellen viser at det til saman er arbeidd 6 503 årsverk à 1 845 timar i primærjordbruket inkl. veksthus og pelsdyr, i Rogaland i 2010. Størst sysselsetting finn ein i mjølkeproduksjon med 2 894 årsverk.

Til samanlikning viser tal for arbeidsinnsats i jordbruket frå Statistisk sentralbyrå (SSB, 2011) ein arbeidsinnsats på 6 746 årsverk à 1 845 timar i jordbruket for 2009/10. Avviket mellom tala frå SSB og berekninga frå verdiskapingsmodellen, kan i hovudsak forklarast med ulik metodikk. SSB baserer seg på anslag frå eit stort utval, medan vår berekning er basert på timenoteringar frå deltagarane i driftsgranskingane. I tillegg kan noko ulik definisjon av kva som inngår i jordbruk gje utslag. SSB nyttar også ein noko større populasjon i sine teljingar enn det som er nytta i driftsgranskingane. Dei har med dei aller minste bruka, medan driftsgranskingane er basert på yrkesmessig drivne bruk.




Foto: © Nono Dimby




Figur 3.26 Syssetning fordelt på produksjon, årsverk à 1875 timar

Størst sysselsetting i primærjordbruket finn ein i kommunane Hå og Klepp med høvesvis 924 og 751 årsverk. Deretter følgjer Time, Sandnes og Vindafjord med tett oppunder 500 årsverk.



Figur 3.27 Kart: Sysselsetting i jordbruket, årsverk à 1 845 timar




Figur 3.28 Årsverk à 1 845 timar i primærjordbruket, kommunar

4 Skogbruket

4.1 Verdiskaping i skogbruket

Produktivt skogareal i Rogaland er 1 202 703 dekar (SSB 2006). Rogaland har knapt 2 prosent av skogarealet i Noreg, og er eitt av dei fylka i landet med minst skogareal. Mange kommunar langs kysten og på Jæren har svært lite skog, medan kommunane lengre inne i fjordane har eit høgare uttak av tømmer. I 2011 låg avverkinga på eit høgt nivå samanlikna med tiårs-perioden før. Avverkinga var på 92 277 m³ i 2011, medan middelet frå 2001 til 2010 (SSB 2012f) låg på 52 000 m³. Middelpriis oppnådd til skogeigar per m³ tømmer var kr 315 i 2011.



Figur 4.1 Avverka skog for sal i m³ i 2011 i Rogaland fordelt på kommunar


Utrekninga av nettoprodukt er gjort på grunnlag av ulike kjelder. Avverking av tømmer til sagbruk og industri er henta frå skogstatistikk hos skogeigarlaget i Rogaland. Det same gjeld verdi av brutto omsetnad. Det aller meste av virket vert i dag teke ut av skogsentreprenørar, og det er rekna entrepriser på 90 prosent av alt virkesuttaket. Pris på uttak av virke er sett til kr 150 per m³ i samråd med Fylkesmannen i Rogaland (Slåttå, pers med.). Ein tredel av denne kostnaden er oppgitt til å vere lønnskostnader. For det resterande uttaket er det nytta ein varekostnad på kr 69 per m³.

Uttak av virke til privat bruk og virke til ved er vanskeleg å kalkulere. Mykje vert tatt ut til privat bruk og ikkje registrert. Fram til og med 2005 hadde SSB (2012f) statistikk på uttak av ved basert på skjønn for kvar kommune. Dette vart rekna for å vere nokså usikre overslag, så det finst ikkje nyare data på dette i SSB. Vi har valt å bruke oppgjevne tal frå skogeigarlaget for gjere eit overslag for uttak av ved i fastkubikkmeter. Dette talet er mykje lågare enn det som var oppgitt av SSB i 2005. Data for uttak av ved vil uansett vere usikkert. I denne verdiskapingsutrekninga er det berre verdi av ved fram til rundstokk som er rekna under skogbruket. Vidareforedling av rundstokk til ved er tatt med under tilleggsnæringar. Det same gjeld juletre og pyntegrønt, jakt og fiske og andre tenester knytt til skogen. Eventuell auke i ståande kubikkmasse (netttilvekst) er ikkje teke omsyn til i denne utrekninga.

I tillegg til kostnader ved uttak av skogsvirke er det trekt frå nettokostnader til skogkultur og kostnader til veg. For å rekne ut kostnad til skogkultur er det nytta tal frå Fylkesmannen i Rogaland. Kostnader til veg er rekna ut frå total veglengde i kvar kommune, samt nettokostnader til ny veg. Det er rekna ein vedlikehaldskostnad på kr 5 per meter og år. Arbeidskostnadane er trekte frå.

Verdiskaping innan primærskogbruket er utrekna til 17,8 mill. kr for Rogaland. Av kommunane i fylket er det Suldal som har høgast verdiskaping innan primærskogbruket med 3,9 mill. kr, følgt av Vindafjord, Sandnes og Bjerkreim med høvesvis 3,8, 2,3 og 1,4 mill. kr.

Uttak av skog varierer mykje frå år til år. Dette gjeld særleg på kommunenivå då entreprenørar enkelte år kan ta ut mykje tømmer i enkeltkommunar. Ved å sjå på tømmeruttak over tid vil resultatet endre seg noko.




Figur 4.2 Avverka skog for sal i m³ i middel for åra 2009–2011 i Rogaland fordelt på kommunar⁶


⁶ SSB 2012f

Middels avverka skog over 3 år viser at skilnadene mellom kommunane jamnar seg noko ut. Suldal saman med Vindafjord har hatt det største uttaket med om lag 13 000 m³ i året. Deretter følgjer Tysvær, Hjelmeland og Sandnes. Uttak av tømmer i ulike område varierer mykje frå år til år. Ein må ta omsyn til dette når ein vurderer verdiskapinga på kommunenivå.

Verdiskaping i andre sektorar med basis i råvarer frå skogbruket som til dømes treforedling, transport etc., er ikkje med i denne utgreiinga.



Figur 4.3 Kart: Verdiskaping i primærskogbruket, mill. kr



Figur 4.4 Verdiskaping i primærskogbruket i 2011, kommunar i Rogaland, tusen kroner


4.2 Sysselsetting i skogbruket

Hogstmaskinene er effektive, og tek store mengder tømmer fram til velteplass på kort tid. Vi har rekna med at ein person klarer 21 m³ i timen. Hogstmaskinene i dag tek ut rundt 90 prosent av volumet. På det resterande volumet har vi rekna eit uttak på 0,8 m³ per persontime. Den same timebruken er rekna på uttak av rundstokk til ved. Det er rekna uttak på tradisjonell måte med motorsag, traktor og vinsj. Det er då føresettt uttak av rundstokk fram til velteplass med 5,5 m³ per dag á 7 timar (0,8 m³ i timen). Arbeid med skogplanting er rekna til 1,39 timar per dekar. For andre aktivitetar innan skogkultur er det rekna at 90 prosent av kostnaden er arbeidskostnader. Ein tredel av vegvedlikehald er rekna som arbeidskostnad. Timebruk til skogkultur og vegar er samla arbeidskostnad og ein timepris på kr 180.

Sysselsetting i samband med foredling av virke på bruket til dømes til ved er rekna som tilleggsnæring. Det same gjeld juletre, pyntegrønt, jakt og fiske og turisme basert på skogressursane.

Samla sysselsetting i primærskogbruket, med bakgrunn i dei gjevne føresetnadene, vert 26 årsverk i Rogaland. Mange kystkommunar som Rennesøy, Kvitsøy, Randaberg, Utsira og Haugesund har ikkje registrert arbeid i skogen i 2011. Det har heller ikkje Bokn og Finnøy.

Suldal har størst sysselsetting i primærskogbruket i Rogaland med 6 årsverk følgt av Vindafjord med 5 årsverk, Eigersund med 3 og Sandnes og Tysvær med 2 årsverk. Berre sju av 26 kommunar i Rogaland hadde meir enn 1 årsverk i skogbruket i 2011.



Figur 4.5 Sysselsetting i primærskogbruket, kommunar i Rogaland, årsverk



Foto: © FMRO

5 Tilleggsnæring

5.1 Definisjon av tilleggsnæring

«Tilleggsnæring vert definert som næringsverksemd utanom tradisjonelt jord- og skogbruk, med basis i ressursane på bruket. Det gjeld innsats av areal, bygningar, maskinar etc., men inkluderer ikkje personressursar eller kompetanse.» Dette er definisjonen av tilleggsnæring i driftsgranskingane til NILF.

All aktivitet på tilleggsnæring vert registrert i driftsgranskingane, men for at eit deltakarbruk skal bli definert som eit bruk med tilleggsnæring, må aktiviteten ha ein omsetning på minst kr 20 000. All registrert tilleggsnæring i driftsgranskingane inngår som grunnlag for utrekningane i dette kapittelet.

SSB definerer tilleggsnæring på nokolunde same måte, men dei inkluderer også birøkt, og utleige av jord til jordbruksføremål, noko som driftsgranskingane definerer som jordbruk.

5.2 Tal jordbruksbedrifter med tilleggsnæring


For å finne tal bruk som driv med tilleggsnæring i Rogaland, kan vi nytte tal frå landbruksteljinga for 2010 (SSB, 2010) som er nærmast det måletidspunktet vi har nytta i dette prosjektet. Det må presiserast at tal bruk med tilleggsnæring vil her vere med utgangspunkt i definisjonen til SSB. Tala frå SSB viser at Rogaland har 4 698 jordbruksbedrifter og 48 prosent av desse har ei tilleggsnæring, noko som vil seie 2 251 bruk. Landsgjennomsnittet i landbruksteljinga for 2010 var at 56 prosent av bruka hadde tilleggsnæring.

Statens landbruksforvaltning, SLF, opererer med tal bruk som det vert gitt tilskot til. I 2010 viste deira oversikt at Rogaland hadde 4 657 jordbruksbedrifter. SLF seier ikkje noko om kor mange av desse som driv med tilleggsnæring. Talet på jordbruksbedrifter er nokså samsvarande mellom SSB og SLF.

I driftsgranskingane trekker ein ut eit tilfeldig representativt utval av jordbruksbedriftene. I 2010 besto driftsgranskingane av 835 bruk på landsbasis, av desse hadde 493 registrert tilleggsnæring, eller 59 prosent av bruka. For Rogaland er det til saman 78 bruk i driftsgranskingane og 49 av desse har registrert omsetning på tilleggsnæring (63 %). I alt 35 bruk (45 %) hadde omsetning på tilleggsnæring over kr 20 000. Dette samsvarar rimeleg bra med SSB (48 %).

Figur 5.1 tek utgangspunkt i registreringane til SSB, og viser tal jordbruksbedrifter i Rogaland som driv med ulike tilleggsnæringar. Jordbruksbedrifter som driv med fleire ulike tilleggsnæringar, er her registrerte fleire plassar, noko som gjer at tal tilleggsnæringar i figuren vert om lag like høgt som tal bruk i fylket.


I Rogaland som elles i landet, er det leigekjøring som dominerer. Det er 780 jordbruksbedrifter i Rogaland som driv med ei eller annan form for leigekjøring. Utleige av hus eller driftsbygningar har 613 registreringar medan jakt og fiske har 561 observasjonar. Størst auke har det vore for foredling av skogsvirke. Samanlikna med 2005 har det vore auke i alle aktivitetar med unntak av gardsturisme.



Figur 5.1 Tal jordbruksbedrifter med ulike tilleggsnæringar, i Rogaland

Kjelde SSB (2006b og 2010)

I Figur 5.2 kan vi sjå dei mest utbreidde tilleggsnæringane for Rogaland samanlikna med tal frå heile landet. Ein ser at for utleige av bygningar ligg Rogaland på landsgjennomsnittet, men for dei andre aktivitetane ligg Rogaland under landsgjennomsnittet. Særleg gjeld dette for utleige av jakt og fiske. Noko av årsaka til at Rogaland ligg lågare med tanke på tilleggsnæring, er at fylket er eit tungt jordbruksfylke. Behov for - og kapasitet til - å drive med tilleggsnæringar vert dermed mindre.



Figur 5.2 Prosentvis fordeling av ulike tilleggsnæringar i Rogaland samanlikna med tal for heile landet (SSB 2010)

5.3 Sysselsetting i tilleggsnæring

Ifølgje landbruksteljinga til SSB (2011) vart det for andre landbruksbaserte næringar i Rogaland utført 609 000 arbeidstimar eller 330 årsverk i 2010. Dette er 5 fleire årsverk enn i 2005. Når fylket ifølgje SSB har 2 251 jordbruksbedrifter som driv med tilleggsnæring, vert gjennomsnittleg arbeidstid på tilleggsnæring 270 timar ved kvar jordbruksbedrift. Fordelt på alle jordbruksbedrifter i fylket, vert det 130 timar tilleggsnæring per bedrift.

Nyttar ein data frå driftsgranskingane (NILF, 2010), var arbeidsforbruket i tilleggsnæring per jordbruksbedrift 136 timar i 2010 for Rogaland. Det er ein auke på 75 timar per bruk sidan 2005. Dersom ein nyttar data frå driftsgranskingane, vert tal sysselsette i tilleggsnæring 343 årsverk i Rogaland. Det er rimeleg godt samsvar mellom tala frå SSB og NILF med tanke på sysselsetting i tilleggsnæring i Rogaland. Avviket mellom SSB sine tal og driftsgranskingane skuldast truleg noko ulik definisjon av tilleggsnæring og metodeskilnad.

5.4 Verdiskaping i tilleggsnæring

5.4.1 Verdiskaping basert på driftsgranskingane

Utrekning av verdiskaping i tilleggsnæring er basert på data frå driftsgranskingane for 2010. Driftsgranskingane representerer om lag 70 prosent av jordbruksbedriftene i fylket. Det er dei bedriftene med eit standard dekningsbidrag større enn kr 80 000. I denne undersøkinga har gått ut frå at frekvens og omfang av tilleggsnæring er like stor også dei bruka som ikkje fell inn under populasjonen for driftsgranskingane.

Tidlegare undersøking (Sjelmo, 2006) viste at om lag 30 prosent av dei minste bruka hadde tilleggsnæring og at bruka i snitt hadde eit nettoprodukt på kr 30 600. Seinare studiar har vist at det er om lag like stor omsetning på tilleggsnæring også på mindre bruk (Knutsen, 2008). Vi har derfor valt å leggje til grunn at driftsgranskingsmaterialet også er representativt for dei minste bruka.

Tabell 5.1 Verdiskaping i tilleggsnæring fordelt på ulike aktivitetar i Rogaland for 2010

	Frekvens driftsgr.	Prosent av bruk	Nettoprodukt per bruk, kr	Nettoprodukt fylke Rogaland, mill. kr
Utleige	27	35	10 000	47
Leigekjøring	26	33	10 600	49
Foredling skog	17	22	15 700	73
Utmark	7	9	28 800	134
Anna	3	4	2 500	12
Sum				315

Av tabellen går det fram det er stor skilnad mellom dei ulike aktivitetane med omsyn til frekvens og nettoprodukt. Utleige av hus og driftsbygningar bidreg om lag like mykje og er om lag like utbreidd. Foredling av skog og utmarksnæringar har færre observasjonar, men omfanget per bedrift er meir omfattande. Sum verdiskaping på fylkesbasis er derfor størst for desse aktivitetane.

Jordbruksbedriftene i driftsgranskingane er ikkje valde ut med tanke på å vere representative for tilleggsnæring, men utvalet som er gjort med basis i jordbruksproduksjon, gjev eit godt bilde av aktivitetane som er definert som tilleggsnæring. På grunn av at data-materialet er lite, er det det noko usikre resultat knytt til verdiskaping på tilleggsnæring.

Under samleomgrepet utmark er utleige av jakt- og fiske og andre aktivitetar som er basert på utmarksressursane. Her er det også næringsaktivitet i samband med hytteutbygging og liknande. I tillegg kjem leigeinntekter frå mobilmaster og andre inngrep frå storsamfunnet. Inntekter basert på utmarksressursane gjev høgast verdiskaping av aktivitetane på tilleggsnæring i Rogaland.

Foredling av skog er omfattande i delar fylket. Vedproduksjon er dominerande i denne gruppa. Leigekjøring er blant dei mest utbreidde aktivitetane i Rogaland sjølv om det er mindre utbreidd enn andre stader i landet. All kjøring for andre vert rekna som tilleggsnæring i driftsgranskningane uavhengig om det registrert som eiga næring eller ikkje.




Foto: © FMRO

6 Verdien av jordbruket for kommunane

6.1 Verdiskaping etter innbyggjartal

Ser ein verdiskaping i jordbruket i forhold til tal innbyggjarar i kommunen, gjev det eit uttrykk for kor viktig jordbruksnæringa er for kommunen. I Rogaland er det Finnøy som har høgast verdiskaping frå jordbruket, med kr 34 200 per innbyggjar. Finnøy har mykje husdyrhald, både grovfôrbasert produksjon og kraftfôrbasert produksjon. I tillegg har kommunen stor veksthusproduksjon.


Heile ti av kommunane i Rogaland har verdiskaping frå jordbruket på meir enn 10 000 kroner per innbyggjar. Etter Finnøy følgjer Bjerkreim, Hjelmeland, Hå, Klepp og Vindafjord kommunar. Lågast verdiskaping rekna per innbyggjar har bykommunane Haugesund (kr 99) og Stavanger (kr 280).



Figur 6.1 Kart: Verdiskaping frå jordbruket per innbyggjar i kommunen, kr

6.2 Skatteinngang frå jordbruksbedrifter

Også skatteinngang frå jordbruket til kommunane kan seie noko om kor viktig jordbruket er for kommunen. Ei spesialkjøring frå SSB viser at for jordbruksbedrifter med personleg eigar i Rogaland har eigar og ektefelle innbetalt til saman 276,3 mill. kr i inntekts- og formueskatt til kommunen. Det utgjer om lag 2,4 prosent av totalt innbetalt ordinær skatt til kommunane (for Rogaland utanom Stavanger ca. 3,6 %).



*) Ikkje offentleg pga for få registreringar

Kjelde: SSB

Figur 6.2 *Inntekts- og formueskatt frå jordbruksføretak med personleg eigar (eigar og ektefelle) i prosent av total skatteinngang til kommunen. Tal i parentes etter kommunenamn er totalt innbetalt inntekts- og formueskatt til kommunen frå eigar og ektefelle*

Kjelde: SSB (2012d) og SSB upubl.

Figur 6.2 viser totalt innbetalt skatt til kommune frå jordbruksbedrifter med personleg eigar (eigar og ektefelle) i prosent av ordinær skatt til primærkommune for kommunane i Rogaland. For Utsira og Kvitsøy foreligg det ikkje statistikk over innbetalt skatt frå eigar og ektefelle fordi det er for få einingar i kommunane til at SSB kan offentleggjere statistikken.

Rekna i prosent av total ordinær skatt til primærkommunen, ligg Finnøy, Bjerkreim, Bokn og Hjelmeland på topp, medan bykommunane Stavanger, Haugesund og Sandnes ligg lågast. Ser ein på innbetalt skatt til kommune frå eigar og ektefelle, finn ein i Hå (25,0 mill. kr), Klepp (22,4 mill. kr), Sandnes (21,7 mill. kr) og Vindafjord (21,2 mill. kr) på topp.




Foto: © Nono Dimby

7 Samla verdiskaping med basis i landbruksressursane

Jordbruket er viktig i Rogaland, og ein stor del av maten som vert produsert i Noreg, kjem frå fylket, Særleg er husdyrhaldet viktig i Rogaland, men det er også stor veksthusproduksjon i fylket. Likevel går talet utøvarar ned, og i mange kommunar er det stort press for å omdisponere jordbruksareal til anna bruk. Gjennom dette prosjektet har ein prøvd å vise kva for verdiar som vert skapte med basis i landbruksressursane.

Samla verdiskaping rekna som nettoprodukt, frå jordbruk, primærskogbruk og tilleggsnæringar er berekna til 2,17 mrd. kr for Rogaland. Av dette kjem 1,84 mrd. frå jordbruk, 18 mill. kr frå primærskogbruket og 315 mill. kr frå tilleggsnæringar.



Figur 7.1 Verdiskaping i jordbruk, primærskogbruk og tilleggsnæring i Rogaland 2010⁷, rekna som nettoprodukt, mill. kr

Samla sysselsetting i jordbruk, primærskogbruk og tilleggsnæring er berekna til 6 872 årsverk à 1 845 timar. Jordbruket står for heile 95 prosent av sysselsettinga med 6 503 årsverk. Sysselsettinga i primærskogbruket er berre rekna til 26 årsverk. Om lag 90 prosent av volumet i skogen vert i dag teke ut med hogstmaskin, og sysselsettinga i primærskogbruket er derfor svært låg. For tilleggsnæringar er sysselsettinga rekna til 315 årsverk.

⁷ Verdiskaping for skogbruk er rekna på basis av tal for 2011.

Kjelder

- Budsjettnemnda for jordbruket, 2012. *Resultatkontroll for gjennomføringen av landbrukspolitikken*. Budsjettnemnda for jordbruket.
- Godli, O., Haglerød, A., Wågbo, O., Rusaanes, O.K., 1999. *Totaltall for landbrukssektoren på fylkesnivå*. NILF-rapport 1999–9. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Kjesbu, E., Sjelmo, O., Holien, S.O., 2006. *Verdiskaping og sysselsetting i jordbruket i Nord-Trøndelag*. NILF-notat nr. 2006–11. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning.
- Kjesbu, E., Sand, R., Sjelmo, O., 2009. *Landbrukets økonomiske betydning i Trøndelag*. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo. NILF-rapport 2009–3.
- Knutsen H., Olsen A., Paulsen Rye, S.K., Sjelmo O., Spissøy A. og Stokke K., 2008. *Næringsaktivitet på ulike typer landbrukseiendommer*. NILF-notat 2008–25. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Knutsen, H., Haukås, T., Solberg, L.R., Olsen, A., 2009. *Verdiskaping i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringer i Hordaland og Sogn og Fjordane*. NILF-notat2009–14. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Knutsen, H., Haukås, T., 2011. *Verdiskaping i jordbruket i Aust- og Vest-Agder*. NILF-notat 2011–18. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Lerfald, M., Lien, G., Alnes, P.K., Sand, R., Stokke, K.F., Rye, S.K.P., 2012. *Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert virksomhet i Oppland*. NILFrappportnr. 2012–1. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning.
- Lien, G., Lerfald, M., Alnes, P.K., Sand, R., Stokke, K.F., Rye, S.K.P., 2012. *Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert virksomhet i Hedmark*. NILFrappportnr. 2012–2. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning.
- Lien, G., Skarsen, K., Ørbeck, M., Stornes, O.K., 2004. *Verdiskaping og sysselsetting i Hedmarksjordbruket*. NILF-notat 2004-10. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- NILF (flere årganger). *Driftsgranskinger i jord- og skogbruk. Regnskapsresultat*. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning.
- Sjelmo, O., Stokke, K., Paulsen Rye, S.K., Øyen, B.V, Hunstad, T. og Kjesbu, E., 2006. *Forprosjekt tilleggsnæringer – avklaring av driftsgranskingerenes representativitet for mindre bruk*. NILF-notat 2006–10. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Statens landbruksforvaltning 2012a. PT-912 Antall dekar og søkere med de ulike vekstgruppene 31.7.2010. <http://32.247.61.17/skf/PT912/101110/PT912F21.HTM>
- Statens landbruksforvaltning PT-900. Antallstatistikk. Søknadsomgang 091020, 101110, 101120. <http://32.247.61.17/skf/prodrapp.htm>
- Statistisk sentralbyrå. 2006. *Produktivt skogareal¹ etter storleiken på det produktive skogarealet. Fylke. 2003. Dekar*. http://www.ssb.no/emner/10/04/20/nos_d341/tab/tab-2.html
- Statistisk sentralbyrå. 2006b. *Jordbruksbedrifter med tilleggsnæringer og arbeidsinnsats i tilleggsnæringer, etter fylke. 2004/05*. <http://www.ssb.no/lu/arkiv/tab-2006-06-12-01.html>
- Statistisk sentralbyrå. 2010. *Jordbruksbedrifter med andre landbruksbaserte næringer, etter fylke. 1998/99 og 2009/10*. <http://www.ssb.no/10/04/10/landt/arkiv/tab-2010-12-15-03.html>

- Statistisk sentralbyrå. 2011. Arbeidsinnsats i jordbruk, skogbruk og andre tilleggsnæringar på jordbruksbedrifter, etter fylke og jordbruksareal i drift. <http://www.ssb.no/emner/10/04/10/landt/arkiv/tab-2011-07-04-01.html>
- Statistisk sentralbyrå. 2012a. *Begreper i nasjonalregnskapet*. <http://www.ssb.no/emner/09/01/begreper/>. Sett 17.2.12
- Statistisk sentralbyrå. 2012b. Statistikkbanken. Tabell:04782: Arbeidsinnsats i jord- og hagebruk, skogbruk og tilleggsnæringar (1 000 timar) (F) http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/Default_FR.asp?PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tilside=selecttable/hovedtabellHjem.asp&KortnavnWeb=lu
- Statistisk sentralbyrå. 2012c. Tabell:06913: Folkemengde 1. januar og endringer i kalenderåret (K). http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/Default_FR.asp?PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tilside=selecttable/hovedtabellHjem.asp&KortnavnWeb=folkendrhist
- Statistisk sentralbyrå. 2012d. Statistikkbanken. Tabell:07022: Skatterekneskapsstatistikk. Innbetalt og fordelt skatt, etter skatteart. Akkumulerte tal (K) (mill. kr) http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/Default_FR.asp?PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tilside=selecttable/hovedtabellHjem.asp&KortnavnWeb=skatteregn
- Statistisk sentralbyrå. 2012e. Statistikkbanken. Tabell: 08979: Avvirking for salg (1000 m³). http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/Default_FR.asp?PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tilside=selectvarval/define.asp&Tabellid=08979
- Statistisk sentralbyrå. 2012f. Statistikkbanken. Tabell: 03795: Avvirking for sal, etter treslag. http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/Default_FR.asp?PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tilside=selecttable/hovedtabellHjem.asp&KortnavnWeb=skogav
- Statistisk sentralbyrå. Upubl. Spesialkjøring, *Inntekt og formue 2010, tall for bruker og ev. ektefelle/samboer. Inntekts- og formuesskatt til kommune*. Mottatt 19.10.2012.

Tidligere utgitt i denne serien – 2011

- 2011–1 Økonomien i jordbruket i Nord-Norge. Driftsgranskingene i jord- og skogbruk 2009 – Aktuelle artikler og tabellsamling 2005–2009. Øyvind Hansen, Ole Kristian Stornes, 81 s.
- 2011–2 Beregning av det norske kjøttforbruket. Mads Svennerud, Gro Steine, 18 s.
- 2011–3 Økonomien i jordbruket på Vestlandet. Trendar og økonomisk utvikling 2000–2009. Torbjørn Haukås, Anastasia Olsen, 86 s.
- 2011–4 Økonomien i landbruket i Trøndelag. Utviklingstrekk 2000–2009. Tabellsamling 2005–2009. Kjell Staven, Otto Sjelmo, Knut Krokann, Helge Bonesmo, Svein Olav Holien, Siv Karin Paulsen Rye, Liv Grethe Berge Frislid, Inger Sofie Murvold Knutsen, 16 s.
- 2011–5 Melding om årsveksten 2010. Normalårsavlinger og registrerte avlinger. Ola Wågbo, Oddmund Hjukse, 16 s.
- 2011–6 Gårdsbasert entreprenørskap : en kvalitativ studie av muligheter, motiver og ressurser for entreprenørskap i landbruket. Asbjørn Veidal, 55 s.
- 2011–7 Økonomien i jordbruket i Agder-fylka og Rogaland 2009. Trendar og økonomisk utvikling 2000–2009. Tabellsamling 2005–2009. Lars Ragnar Solberg, Heidi Knutsen, Anastasia Olsen, 87 s.
- 2011–8 Regulering for organisering - markedsregulering i kjøttsektoren. Gro Steine, Arne Vasaasen, Anders Nordlund og Ivar Pettersen, 68 s.
- 2011–9 Økonomien i jordbruket på Østlandet. Utviklingstrekk 2005–2009. Tabellsamling 2005–2009. Terje Haug, 97 s.
- 2011–10 Konsekvenser i Rogaland av mulige endringer av gjødselvereforskrift. Heidi Knutsen, Aart van Zanten Magnussen, 57 s.
- 2011–11 Klimatiltak i landbruket – En gjennomgang av tiltak i Klimakur 2020. Ellen Henrikke Aalerud, Valborg Kvakkestad, 41 s.
- 2011–12 Vurdering av økonomi på utbyggingsbruk i mjølkeproduksjon i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane 2008. Lars Ragnar Solberg, Liv Grete Frislid, 48 s.
- 2011–13 Tid for satsing på landbruk i Afrika. Ellen Henrikke Aalerud, Anna Birgitte Milford, 29 s.
- 2011–14 «Føre var» i laksenæringen: Tid for kollektiv håndtering av underdekning av fiskeolje. Gro Steine, Ragnar Tveterås, Ivar Pettersen, 31 s.
- 2011–15 Rensekostnader ved innføring av miljøvennlige spredningsmetoder for husdyrgjødsel. Julie Nævik Hval, Knut Krokann, 30 s.
- 2011–16 Inntekt, sparing og investering i jordbruket. Agnar Hegrenes, 30 s.
- 2011–18 Verdiskaping i jordbruket i Aust- og Vest-Agder. Heidi Knutsen og Torbjørn Haukås, 37 s.

Tidligere utgitt i denne serien – 2012

- 2012–1 Environmental and climate analysis for the Norwegian agriculture and food sector and assessment of actions. John Hille, Christian Solli, Karen Refsgaard, Knut Krokann, Helge Berglann, 153 s.
- 2012–2 Støtte til økologisk landbruk. Oddmund Hjukse, Ole Kristian Stornes, 42 s.
- 2012–3 Utbyggingsbruk i Hordaland. Torbjørn Haukås, 52 s.
- 2012–4 Innovasjon i landbruket. Trygve Kjølseth, Ivar Pettersen, 29 s.
- 2012–5 Hva skal det være: epler i løsvekt eller emballert? Butikkforsøk med norske, økologiske epler. Anna Birgitte Milford, 31 s.
- 2012–6 Handlingsrommet for konkurransedyktige verdikjeder for mat. Ellen Henrikke Aalerud, Julie Nåvik Hval, Ivar Pettersen, Johanne Kjuus, 99 s.
- 2012–7 Fleire dyr på sommerferie? Evaluering av beiteordningene. Agnar Hegrenes, Julie Nåvik Hval, Leif Jarle Asheim, Mads Svennerud, 102 s.
- 2012–8 Økonomien i jordbruket i Nord-Norge 2010. Øyvind Hansen, 73 s.
- 2012–9 Økonomien i landbruket i Trøndelag i 2010. Utviklingstrekk 2001–2010. Tabellsamling 2006–2010. Inger Sofie Murvold Knutsen, Svein Olav Holien, Knut Krokann, Siv Karin Paulsen Rye, Kristin Stokke Folstad, 87 s.
- 2012–10 Økonomien i jordbruket på Østlandet. Utviklingstrekk 2006–2010. Tabellsamling 2006–2010. Terje Haug, 87 s.
- 2012–11 Betalingsvillighet for landbrukets produksjon av kollektive goder. En litteraturgjennomgang. Arild Spissøy, Anna Birgitte Milford, Sjur Spildo Prestegard, 36 s.
- 2012–12 Melding om årsveksten 2011. Normalårsavlinger og registrerte avlinger. Ola Wågbo, Oddmund Hjukse, 18 s.
- 2012–13 Økonomien i jordbruket på Vestlandet. Trendar og økonomisk utvikling 2001-2010. Heidi Knutsen, Torbjørn Haukås, Anastasia Olsen, 72 s.
- 2012–14 Økonomien i jordbruket i Agder-fylka og Rogaland. Trendar og økonomisk utvikling 2001-2010. Tabellsamling 2006-2010. Heidi Knutsen, Torbjørn Haukås, Anastasia Olsen, 78 s.
- 2012–15 Økologisk frukt og bær i Norge. Hvor mye produseres og hvordan omsettes det? Anna Birgitte Milford, 33 s.
- 2012–16 Utbyggingsbruk i Hordaland – del 2. Torbjørn Haukås, 40 s.
- 2012–17 Grensehandel – utvikling, årsaker og virkning. Anna Birgitte Milford, Arild Spissøy, Ivar Pettersen, 57 s.
- 2012–18 Utbyggingsbruk i Østfold og Akershus. Gry-Heidi Ruud-Wethal, Lars Johan Rustad, Ingrid Fjellstad Luke, 41 s.

ADRESSE HOVEDKONTOR

Postadresse:	Kontoradresse:	Telefon: 22 36 72 00
Postboks 8024 Dep	Storgata 2-4-6	Telefaks: 22 36 72 99
0030 OSLO		E-post: postmottak@nilf.no
		Internett: www.nilf.no

ADRESSE DISTRIKTSKONTORER

Bergen	Postadresse:	Postboks 7317, 5020 BERGEN
	Telefon:	55 57 24 97
	Telefaks:	55 57 24 96
	E-post:	postmottak@nilf-ho.no
Trondheim	Postadresse:	Postboks 4718 – Sluppen, 7468 TRONDHEIM
	Telefon:	73 19 94 10
	Telefaks:	73 19 94 11
	E-post:	postmottak@nilf.fmst.no
Bodø	Postadresse:	Statens hus, Moloveien 10, 8002 BODØ
	Telefon:	75 53 15 40
	Telefaks:	75 53 15 49
	E-post:	postmottak@nilf-nn.no

ISBN 978-82-7077-838-6
ISSN 0805-9691

